

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 08.09.2021

Kine Bratli Dale (A) sette på vegner av A, MDG, SP, SV, V, KRF, U fram slikt forslag:

«Alternativ

Innstilling til fylkesutvalet

1. Vestland fylkeskommune vidarefører Oslo-modellen for alle bygg- og anleggsprosjekt i eigen regi, slik den var vedteken i Hordaland fylkeskommune.
2. Krav om tariffløn bør innførast, slik det er gjort i Oslomodellen. Kravet kan operasjonaliserast gjennom at innleigde frå bemanningsbyrå skal vere fast tilsett. Dette skal dokumenterast overfor byggherre med den einskilde innleigde sin tilsettingskontrakt.
3. Krav om faglærde handverkarar bør vere hovudregel for alle bygg- og anleggsprosjekt i Vestland fylkeskommune. Ein bør innan utvalde fagområde auke kravet til faglærde til 80%.
4. Verksemder som er leverandørar til Vestland fylkeskommune sine bygg- og anleggsprosjekt skal ha 10% lærlingar. Dette er eit krav utan unntak.
5. Det skal berre vere eitt ledd underleverandør i vertikal kjede.
6. Hovudregel for Vestland fylkeskommune sine innkjøp er at leverandørane skal følgje landsdekkande norsk tariffavtale.

Forslag til vedtak:

Før saka vert lagt fram for fylkesutvalet og fylkestinget, skal fylkeskommunedirektøren greie ut konsekvensane av innstillinga, jfr kommuneloven § 13-1.»

Avrøysting

Dale sitt forslag punkt 1 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 5 røyster (H, FRP) for fylkeskommunedirektøren sitt forslag punkt 1.
Dale sitt forslag punkt 2 vart vedteke mot 5 røyster (FRP, H).
Dale sitt forslag punkt 3 vart vedteke mot 6 røyster (FRP, H, 1 SP (Sigrid Brattabø Handegard)).
Dale sitt forslag punkt 4 vart vedteke mot 7 røyster (SP, H, FRP).
Dale sitt forslag punkt 5 vart vedteke mot 7 røyster (SP, H, FRP).
Dale sitt forslag punkt 6 vart vedteke mot 5 røyster (H, FRP).
Fylkeskommunedirektøren sitt forslag punkt 2 vart vedteke mot 5 røyster (U, SV, A).
Dale sitt forslag til vedtak vart vedteke mot 2 røyster (FRP).

Innstilling til fylkesutvalet

1. Vestland fylkeskommune vidarefører Oslo-modellen for alle bygg- og anleggsprosjekt i eigen regi, slik den var vedteken i Hordaland fylkeskommune.
2. Krav om tariffløn bør innførast, slik det er gjort i Oslomodellen. Kravet kan operasjonaliserast gjennom at innleigde frå bemanningsbyrå skal vere fast tilsett. Dette skal dokumenterast overfor byggherre med den einskilde innleigde sin tilsettingskontrakt.
3. Krav om faglærde handverkarar bør vere hovudregel for alle bygg- og anleggsprosjekt i Vestland fylkeskommune. Ein bør innan utvalde fagområde auke kravet til faglærde til 80%.
4. Verksemder som er leverandørar til Vestland fylkeskommune sine bygg- og anleggsprosjekt skal ha 10% lærlingar. Dette er eit krav utan unntak.
5. Det skal berre vere eitt ledd underleverandør i vertikal kjede.
6. Hovudregel for Vestland fylkeskommune sine innkjøp er at leverandørane skal følgje landsdekkande norsk tariffavtale.

7. For å stetta bruken av dei mindre, lokale entreprenørane, kan INV avvike frå kravet knytt til fagarbeidarar innan fylkesvegområdet i spesielle tilfelle.

Vedtak:

Før saka vert lagt fram for fylkesutvalet og fylkestinget, skal fylkeskommunedirektøren greie ut konsekvensane av innstillinga, jfr. kommunelova § 13-1.